



Aurland kommune

Det naturlege valet


Aurland trafikk og parkering

Milepæl 1	Konklusjon i høve organisasjonsform og parkeringsstrategi for handheving av parkeringsregulering, vedtak i kommunestyre.		17.09.2020.	
2. Operasjonell fase Realisering av parkeringsareal Delprosjekt ladestasjonar Delprosjekt parkeringsløysingar og utstyr Notat for internt kommunal handsaming Rammeverk for oppstart av parkeringsordning Rammeverk for drift av parkeringsordning Søknad til vegdirektoratet for mynde til å handtere Forskrift om offentleg parkeringsgebyr	Oppfølging av tiltak og strategiar jf vedtak i kommunestyre 17.09.2020, samt parkeringsareal i gjeldande reguleringsplanar. Innarbeiding av tiltak i økonomiplan og budsjett. Planendringar, søknadar og prosjektgjennomføringar av parkeringsareal.	Teknisk	Oktober 2020 - 2021	
	Plan for ladestasjonar på parkeringsareal, herunder samordne med Aurland Energiverk i høve kapasitet og behov for utbyggingar av nett. Anbud – rammeavtale for ladestasjonar	Teknisk Prosjektlear delprosjekt El-bil lading: Ing Steve Elgåen	August 2021 – november 2021.	
	Parkeringsløysingar, utstyr. Anbud – rammeavtale parkeringsløysingar	Teknisk Prosjektlear delprosjekt parkeringsløysingar og utstyr: Ing Henning Elgåen	August 2021 – november 2021	
	Oppstart av arbeidet med notat for internt kommunal handsaming, herunder prisar, kortsal, parkeringsløysingar, inndeling i sonar, prioriterte område m.fl.	Teknisk og Asplan Viak.	August 2021	
	Rammeverk klart oppstart og drift, herunder system, rutinar, malar, planar for opplæring.	Teknisk og Asplan Viak	Desember 2021	
	Fastsetting av gebyr i budsjett 2022	Prosjektstyre(FS) Kommunestyre	Desember 2021	
	Nye parkeringstiltak og areal forankra i budsjett 2022 og økonomiplan 2022 – 2025.	Prosjektstyre(FS) Kommunestyre	Desember 2021	
	Mynde til handheving etter forskrift.	Teknisk	Desember 2021	
	Milepæl 2	Mynde, rammer og budsjett		Desember 2021



UTE

INNE



Milepæl 2	Mynde, rammer og budsjett		Desember 2021
3 Planendringar, skiltplanar, søknadar og tiltak	Klargjering og etablering av parkeringsløysingar på parkeringsareal	Teknisk	Januar 2022 – våren 2022
	Utarbeide skiltplanar for parkeringsareala		
	Tilsetting og opplæring av parkeringsbetjenter	Teknisk	Januar 2022 – våren 2022
Milepæl 3	Realisering av areal og løysingar forankra i planar og budsjett		Mai 2021
7. Avslutning av prosjekt og oppstart av parkeringsbetaling.	Erfaringsoverføring til valt organisasjonsform. Oppstart av handheving og parkeringsgebyr	Teknisk	01.05.2021.
	Alle grunnlagsdata lagra	Teknisk	
	Sluttrapport frå prosjektet som leverast til kommunestyre	Teknisk og prosjektgruppe.	Mai 2021
Kommunedelplan for veg og trafikktrygging	Rullering av plan, innarbeiding av planar og tiltak for tilrettelegging for parkering, trafikktryggingstiltak og teknisk infrastruktur	Plan og Teknisk	Jf kommunal planstrategi.
Parkeringsnorm	Innarbeiding av parkeringsnorm i kommuneplan som følgjer opp parkeringsstrategi.	Plan og Teknisk	Jf planstrategi og planprogram for rullering av kommuneplan.

Taktisk og operativt dokument

- ▶ Dokument for oppstart, drifte og videreutvikle parkeringsordninga i samsvar med vedteken strategi.
- ▶ Parkeringssoner
 - ▶ Sentrumssoner
 - ▶ Randsoner
 - ▶ Utfarts soner

Taktisk og operativt dokument - framhald

- ▶ **I sentrumssonene** skal det leggest til rette for parkering i kortare periodar, høgare omsifting på parkeringsplassane og det skal vere dyrare å parkere over lengre tid. Normalen skal være betaling per time, nokre plassar kan ein og ha dagsbillett og nokre plassar kan ha parkering med maksimaltid. Kva for parkeringsplassar som skal ha dei ulike reguleringane vil vere gjenstand for vurdering og endring over tid.
- ▶ **I randsonene** skal det være tilstrekkeleg med parkeringsplassar og det er her dei som skal parkere i fleire timar skal parkere. Det skal vere mogleg med times-, dags- og vekeparkering, og det skal være rimelegare å parkere over lengre tid her enn i sentrumssonene. På sikt er det ønskeleg å få alle parkerande til å nytte denne parkeringssonen.
- ▶ **Utfartssonene** er koplå fri frå dei andre sonene. I utgangspunktet kan dei regulerast med ulike vilkår, men for å få ei heilskapleg, føreseieleg og forståeleg parkeringsregulering er det fornuftig at utfartsparkeringane får like vilkår. Her vil det vere dags- og vekeparkering. Prisane blir høgare enn for randsonene, både grunna høgare kostnad til drift samt mindre kapasitet enn for dei andre parkeringsplassane.

Taktisk og operativt - betalingsattsar

- ▶ Legg oss på om lag same nivå som nabokommunar.
- ▶ Vert innarbeidd i gebyrhefte Budsjett 2022.

Tid	Sentrum	Randsone	Utfart
Time	20	17	-
Dag	100*	60	80
Veke	-	*	300
Månad	-	-	1000

Taktisk og operativt - tidsperiodar

- ▶ Sentrum- og randzone: måndag til fredag 8-17, laurdag 8-15, søndag gratis.
Utfartsparkering: Heile døgnet, heile året

Taktisk og operativt - betalingsløsninger

- ▶ - Opne anlegg med automat og betalingsapplikasjon - Betalingsapplikasjon utan påslag for kunden

Taktisk og operativt - unntak

- ▶ Må følge retningslinjene firkanta. Fokus på å gjere retningslinjene tydelege for brukarane, tredjeperson og ikkje minst for alle i eigen organisasjon.
- ▶ Det er ikkje ønskeleg med unntak frå kravet om at alle skal betale, anna enn for bilar nytta som del av den kommunale drifta og der parkeringsplass er ein viktig del av dette.
- ▶ Bilar til heimesjukepleia
- ▶ Driftsbilar til teknisk drift
- ▶ Teknisk må ha parkering til sine bilar både på driftsbygget og ved kvart bygg der det er nødvendig for drift av bygget. Plassane ved kvart må skiltast må vanleg måte. Heimesjukepleia er avhengig av bilar til si drift. Parkering ved sjukeheimen må skiltast slik at plassane vert reservert til heimesjukepleia. Ved teneste i felt må ein følgje vanlege parkeringsreglar. Dette inneber betaling for parkering i samsvar med reglane. I Parkeringsforskriften er det i §33 gjeve betalingsfritak for forflytningshemma. Dette fritaket kan opphevast ved skilting, men fritaket vert oppretthalde i Aurland. I Parkeringsforskriften §34 er det gjeve opning for kommunen til å gje fritak for avgift for elektriske bilar og bilar drivne av hydrogen. Dette fritaket vert ikkje innført og det vert betalingsplikt for alle typar bilar.

Taktisk og operativt - samarbeid

- ▶ I strategidokumentet er vedteke at vi skal samarbeide med private aktørarar som ønskjer det.
- ▶ Eit samarbeid bør ta utgangspunkt i følgjande prinsipp:
 - Parkeringsløyising skal vere felles for alle plassar der kommunen er part
 - o Felles betalingsattsar
 - o Kommunal drift av parkeringsløyisinga
 - o Kommunal standard for fysisk drift - brøyting, strøing, feiing, merking osv. -
- ▶ Fordelingsnøkkel for inntekter etter at driftsutgifter er trekt ifrå skal gå fram av parkeringsavtalen.

Taktisk og operativt - Igangsetting

Tabellen under syner plan for igangsetting av parkeringsordning for dei ulike områda

Vassbygdi	Mai 2022
Undredal	Mai 2022
Flåm	Mai 2022
Gudvangen	Mai 2022
Aurland sentrum	Mai 2023

Taktisk og operativt

- ▶ Aurlandsvengen er meir kompleks, med mange problemstillingar og initiativ.
- ▶ Vi treng tida til å planlegge og prøve å sjå fram i tida i høve «følgjekonsekvensar», moglege samarbeid m.fl.
- ▶ Behovet for rullering av reguleringsplan for området er «overmoden».